

ELDBJØRG BAKKE  
VERÅSVEGEN 586  
5955 LINDÅS

---

<b>Dato</b>	27.07.2023
<b>Vår referanse</b>	2023/69265-3
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Lillian Bakke Byrknes
<b>E-post</b>	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
<b>Telefon</b>	45638702

## Dispensasjon frå byggegrense - ny septiktank - fv. 5496 - gnr. 114 bnr. 10 - Alver kommune

Vi viser til søknad datert 25.07.2023.

### Saka gjeld

Det er søkt om dispensasjon frå byggegrensa til veg for å erstatte ein eksisterande septiktank med nytt minireinseanlegg.

### Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5496 Veråsvegen for å plassere ny septiktank på gnr. 114 bnr. 10 i Alver kommune.

### Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonskart som ligg ved.
2. Avstanden frå tiltaket (inkludert takutspring) til senterlina på fylkesveg 5496 skal vera minst 40 meter.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomstilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrslø må følgjast.
4. Tiltaket må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 5496.
6. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

### Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnett, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t og ÅDT (årsdøgntrafikk) er 600. Fylkesvegen er klassifisert som haldningsklasse viktig lokalveg jf. Rammepplan 2021-2024.

Vi vurderer at tiltaket som gjeld å erstatte ein eksisterande septiktank ikkje vil komme i konflikt med bruken av fylkesvegen og vi gjev difor dispensasjon frå byggegrensa.

Vi vil minne om at tiltaket kan vera søknadspliktig etter plan- og bygningslova eller andre lovverk som kommunen forvaltar, det må avklarast med dei.

### Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

**Christian Stokke Rye**  
rådgjevar  
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Lillian Bakke Byrknes**  
rådgjevar  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

1 situasjonsplan\_Situasjonskart\_Alver\_114\_10.jpg

Kopi til:

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906

FREKHAUG